



NORDFJORDBRUA
ANDA-LOTE

Invitasjon til å teikne aksjar i Nordfjordbrua AS

Org.nr: 992271973

Signert tekningsblankett sendast, **epost: jotrygg@outlook.com**

Eller via post til:

Nordfjordbrua AS,

C/O Eid kommune, Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid

Tekningsblankettar kan også leverast på servicetorget
på kommunehuset på Nordfjordeid eller på Sandane.



Emisjon i Nordfjordbrua AS

Generalforsamlinga i Nordfjordbrua AS vedtok på ordinær generalforsamling 29. juni 2018 (etter tilråding frå styret i selskapet) å auke aksjekapitalen i selskapet med frå minimum 2 mill kroner - og inntil 5 mill kroner.

I emisjonsperioden 20. august tom 26. september vart det teikna 3001 aksjar á kr 1000,-. Ettersom fleire bedrifter og privatpersonar ikkje rakk teikningsfristen gjorde styret i ekstraordinær generalforsamling vedtak om å vidareføre emisjonen. Ein vil no også vende seg til andre; bedrifter, organisasjonar og privatpersonar i regionen.

Noverande aksjonærar har etter lov fortrinn til å teikne aksjar.

Emisjonen vert gjennomført for å finansiere utarbeiding av forprosjekt for realisering av bru Anda - Lote.

For bedrifter og organisasjonar er minimumsteikning sett til 2 aksjar á kr 1000.-

For privatpersonar er minimumsteikning sett til 1 aksje á kr. 1000.-

Teikna aksjar skal innbetalast til konto 3705 37 02652 i Sparebanken Sogn og Fjordane. (Sjå vedlagde teikningsblankett på siste side).

Innbetalt aksjekapital blir ståande på sperra konto inntil emisjonen er gjennomført, og aksjekapitalforhøyinga er registrert i Brønnøysundregisteret. Det blir kalla inn til ekstraordinær generalforsamling for godkjenning av nye vedtekter og val av nytt styre når teikningsfristen er ute.

Vi inviterer med dette kommunar, organisasjonar, næringsliv og privatpersonar til å teikne aksjar i selskapet. Det er avgjerande at vi har eit breidt engasjement og støtte for prosjektet, og vi håper du vil teikne aksjar for å få utarbeidd eit godt grunnlag for å realisere bru Anda - Lote.


Styret i Nordfjordbrua AS

Alfred Jens Bjørlo (leiar), Svein Ottar Sandal (nestleiar),

Birte Elin Kjørvik Fossheim, Kristine Dahl, Mats Gunnar Andersson, Erling Sande, Beate Dybendal Nordvik

Jan Olav Tryggestad
dagleg leiar

Knutepunktet Anda – Lote i Nordfjord



Illustrasjon: LMG Marine / Nordwest3D

Å erstatte fergene med bru vil føre til:

- Større regional attraktivitet
- By-/tettstadsutvikling
- Større og sterkere bu- og arbeidsregion
- Eid og Gloppen blir ein tilnærma integrert felles bu- og arbeidsmarknadsregion
- Heile regionen vil oppleve vekst i attraktivitet, både når det gjeld busetjing og næringslivsutvikling
- Ytre Nordfjord og søre Sunnmøre får eit nytt fergefritt samband mot E39 og Førde/Sogndal/Hemsedalsfjellet
- Gloppen vil oppleve betre tilkobling til ytre Nordfjord og søre Sunnmøre, og ein ny og til dels annarleis arbeidsmarknad
- Eid og midtre/ytre Nordfjord samt ytre søre Sunnmøre får raskare tilkomst til nærflyplass
- Gloppen får raskare tilkomst til nærsjukehus
- Innbyggjarane i regionen får større fleksibilitet for bustad, arbeid og fritid

Nordfjordbrua AS

Organisasjonsnummer: 992 271 973

Informasjon om selskapet i samband med invitasjon til aksjekapitalforhøying 2018

(Emisjon)

Selskapet sitt formål (etter vedtak i ekstraordinær generalforsamling 28. september 2018)

Selskapet skal arbeide for regional utvikling og vekst i Nordfjord, og det som naturleg høyrer inn under dette. Selskapet kan og engasjere seg i tiltak som medverkar til regional utvikling og vekst i regionen. Primæroppgåva til selskapet er å arbeide for fergefri kryssing av Nordfjorden mellom Anda og Lote. Selskapet si målsetjing er at bru skal stå ferdig og erstatte fergene i 2030.

Selskapet

Arbeid med fjordkryssing av Nordfjorden ved Anda - Lote vart starta allereide tidleg på 1990-talet. Arbeidet i starten var inspirert av realisering av Ålesundstunnelane som vart opna i 1987.

Formalisering av arbeidet gjennom eige selskap vart gjort ved etablering av selskapet Nordfjordbrua as (tidlegare Nordfjordkryssing) i 2007. Selskapet har ein aksjekapital på kr 3.510.000.- Største aksjonærar er Eid og Gloppen kommune.

Etter utvidinga av aksjekapitalen i september 2018 er 125 bedrifter, organisasjonar og privatpersonar aksjonærar i selskapet.

Styret

Etter val i ordinær generalforsamling 29. juni 2018 har styret følgjande samansetting:

Styreleiar:	Alfred Bjørlo
Nestleiar:	Svein Ottar Sandal
Styremedlem:	Kristine Dahl
Styremedlem:	Beate Dybendal Nordvik (ny i 2018)
Styremedlem:	Birte Elin Kjørvik Fossheim
Styremedlem:	Erling Sande
Styremedlem:	Mats Andersson
Varamedlem	Jan Olav Tryggestad
Varamedlem	Arnar Hans Kvernevik
Varamedlem	Edgard Roald Magnar Kvernevik
Varamedlem	Jan Asle Rustøen

Tilsette

Selskapet har ingen tilsette.

Jan Olav Tryggestad er engasjert som dagleg leiar gjennom selskapet Kommunerådgivaren AS.

Status og vidare framdrift

Selskapet har siste åra arbeidd med den interkommunale kommunedelplanen for fjordkryssinga som vart vedteken i Gloppen kommune og Eid kommune i desember 2017. Selskapet har ellers prioritert arbeid for betre rammevilkår for realisering av fergeavløysingsprosjekt. Stortinget gjorde eit positivt vedtak om dette i samband med vedtak av Nasjonal Transportplan for 2018 – 2029. Det er imidlertid fleire forbetringar som kan gjerast for å auke eigenfinansieringsevna til fergeavløysingsprosjekt. Selskapet vil i samarbeid med andre selskap og gjennom politiske prosessar målretta arbeide for å få dette til.

Selskapet har arrangert fleire møter for å presentere prosjektet lokalt og regionalt. For å dokumentere trafikk og finansieringsgrunnlag for realisering av bru Anda Lote har selskapet gjennomført ei trafikk- og finansieringsanalyse som vart presentert i mai 2018. Trafikk- og finansieringsanalysa viser at det er eit godt grunnlag for å realisere fjordkryssing Anda Lote som fergeavløysingsprosjekt.

Neste steg i prosessen mot realisering av bru Anda Lote er å utarbeide eit forprosjekt. Forprosjektet vil bli delt inn i 4 hovedområde og skal gje grunnlag for vidare detaljplanlegging og realisering :

Prosjektet er presenteret for Statens Vegvesen, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Samferdselsdepartementet og Kystverket.

Arbeidet er delt i følgjande hovedområde:

- **Tekniske løysingar – brutype - konsept**
- **Finansiering**
- **Organisering og gjennomføring av prosjektet**
- **Kommunikasjon – informasjon / formidling av arbeidet med prosjektet**

Forprosjektet skal også gje grunnlag for formell godkjenning av prosjektet som fergeavløysingsprosjekt.

Forprosjektet er krevjande og det vil vere behov for betydelege ressursar for å få utarbeidd eit godt prosjekt. Totalkostnad for prosjektet er ikkje fastsett, men vi budsjetterer med ein total kostnad på minimum 5 mill kroner. Ein solid eigenkapital vil gje grunnlag for å få del-finansiering frå andre kjelder. Målsetting med forprosjektet er få eit godt grunnlag for endeleg val av konsept, finansiering og gjennomføringsstrategi.

Finansiering av forprosjektet

Generalforsamlinga i selskapet har vedteke ein kapitalforhøying til finansiering av forprosjektet. Vi forutset at dei største eigarane vil delta i eimisjonen og vi forventar også at Eid og Gloppen kommune vidarefører årleg tilskott til selskapet si ordinære drift.

Organisering av arbeidet med forprosjektet

Styret vil ha det overordna ansvar for gjennomføring av prosjektet. Det vil i tillegg bli etablert ei prosjektgruppe med medlemmar frå styret og eksterne fagpersonar som skal rapportere til styret. Forprosjektet vil bli starta så snart vi har gjennomført emisjonen i selskapet.

Finansiering av selskapet

Nordfjordbrua as si drift har frå etableringa blitt finansiert med årlege driftstilskott frå Eid og Gloppen kommune. Dei siste åra har årleg tilskott vore samla kr 300.000 pr år. Kommunane har i tillegg finansiert kostnadane med utarbeiding av den interkommunale kommunedelplanen og gjeve tilskott til større arrangement og utarbeiding av trafikk og finansieringsanalyse. Styret forutset at kommunane vidarefører tilskott til dagleg drift av selskapet.

Auke i aksjekapitalen er difor forutsett fullt ut å finansiere forprosjektet.

Oversikt over selskapet sin rekneskap

Alle tal i 1000 kr				
	2017	2016	2015	2014
Sum driftsinntekter	440	541	300	727
Driftsresultat	-104	-117	-42	221
Resultat før skatt	-112	-122	-45	216
Eigedelar	348	148	222	305
Eigenkapital andel i %	-3,4%	66,9%	96,9%	87,5%

Detaljert rekneskap finn du ved å logge deg inn på Brønnøysundregisteret eller kontakte oss på epost: jotrygg@outlook.com

Invitasjon til aksjeteikning og informasjon om selskapet vil bli lagt ut og vere tilgjengelig på selskapet si heimeside: Nordfjordbrua.no og Eid og Gloppen kommune sine heimesider.

Nordfjordeid 15.10.2018

Styret i Nordfjordbrua AS

Alfred Bjørlo
styreleiar

Svein Ottar Sandal, Kristine Dahl, Birte Elin Kjørvik Fossheim,

Erling Sande, Beate Dybendal Nordvik, Mats Gunnar Andersson

Jan Olav Tryggestad
dagleg leiar



Organisasjonsnummer: 992 271 973
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Stiftingsdato: 19.12.2007
Registrert i
Føretaksregisteret: 14.02.2008
Føretaksnavn: NORDFJORDBRUA AS

Forretningsadresse: Skreddarhuset
Øyane 11
6770 NORDFJORDEID
Kommune: 1443 EID
Land: Noreg
Aksjekapital NOK: 3 511 000,00
Dagleg leiar/
adm.direktør: Jan Olav Tryggestad
Styre:
Styreleiar: Alfred Jens Bjørlo
Norsvegen 187
6774 NORDFJORDEID
Nestleiar: Svein Ottar Sandal
Styremedlem: Kristine Dahl
Mats Gunnar Andersson
Erling Sande
Birte Elin Kjørvik Fossheim
Beate Dybendal Nordvik
Varamedlem: Jan Olav Tryggestad
Arnar Hans Kvernevik
Edgar Roald Magnar Kvernevik
Jan Asle Rustøen
Signatur: To styremedlemmer i fellesskap.
Revisor: Godkjent revisjonsselskap
Organisasjonsnummer 993 606 650
BDO AS
Munkedamsveien 45A
0250 OSLO

Vedtektsfesta formål: Regional utvikling og vekst i Nordfjord, og det som naturleg høyrer inn under dette. Selskapet kan og engasjere seg i tiltak som medverkar til regional utvikling og vekst i regionen. Primæroppgåva til selskapet er å arbeide for fergefri kryssing av Nordfjorden mellom Anda Lote.

Teikningsblankett

I samband med utviding av aksjekapitalen i Nordfjordbrua AS
(org nr 992 271 973)

I ekstraordinær generalforsamling i Nordfjordbrua as 28.09.2018 vart det gjort vedtak om vidareføring av emisjonen i selskapet ved teikning av minimum 200 og inntil 5000 aksjar a kr 1.000.-

Underteikna er gjort kjend med vedtaket om utviding av aksjekapitalen.

På bakgrunn av dette teiknar vi oss for aksjar i selskapet:

Namn:	Org.nr: (For bedrifter og organisasjonar)	Antal aksjar	Innbetaling pr aksje	Sum å betale
E-postadresse:	Personnummer: (for private)			
Telefon :			Kr 1000,-	

Frist for teikning av aksjar er 24. mars 2019.

Det blir sendt ut melding om innbetaling av aksjeteikninga som skal innbetalast til konto 3705 37 02652 i Sparebanken Sogn og Fjordane.

Ferdig utfylt teikningsblanett sendast i god tid til epost: jotrygg@outlook.com
eller pr post til Nordfjordbrua as, c/o Eid kommune, Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid

For spørsmål ta kontakt med:

Dagleg leiar: Jan Olav Tryggestad: Epost jotrygg@outlook.com, mobil 91160299
Styreleiar : Alfred Bjørlo : Epost alfred.bjorlo@eid.kommune.no, mobil 48082652

Fullmakt til formell teikning av aksjar

Underteikna gjev med dette styreleiar i Nordfjordbrua AS fullmakt til å foreta den formelle teikninga av aksjar som eg/vi har forplikta oss til å teikne.

Fullmakta gjeld for teikning av _____ aksjar pålydande NOK 1000,- til teikningskurs NOK 1000.-

Totalt NOK _____

_____ den _____ Forpliktande underskrift _____